

Til Rådmann

Vedk. Salar Smolt AS.

Syner til din førespurnad datert 28.10.09 vedk. brev frå sekretariatet i kontrollutvalet datert 26.10.09 vedk. grunneigaravtalen mellom Meland Kommune og Salar Smolt As.

I samband med utbygging av Salar Smolt As vart det mellom anna planlagd ny inntaksleidning for vatn frå Rylandsvatnet. I samband med dette arbeidet var det naudsynt å utføre ein del arbeid langs Rylandselva frå brua over riksvegen og vestover. For Meland kommune gjaldt dette gnr. 43 bnr. 9 og gnr. 45 bnr. 145. Meland kommune eig og to eigedomar på austsida av brua: gnr. 45 bnr. 59 og gnr. 43 bnr. 45. Desse to eigedomane vart ikkje spesielt råka av tiltaket, men vart likevel tatt med i avtalen. Slik grunneigaravtale vart og inngått mellom dei andre aktuelle grunneigarane langs Rylandsvassdraget. Meland Kommune eig ingenting i sjølve elva slik at inngrep i elva har ingenting med denne grunneigaravtalen å gjera.

Etter at arbeidet vart utført laga Salar Smolt As til ein erklæring om grunneigarane, då mellom anna Meland kommune, hadde noko merknad til det oppryddingsarbeidet som var gjort i samband med anleggsarbeidet. Denne erklæringa vart presentert frå Salar Smolt AS med frammøte på mitt kontor.

Sidan oppryddingsarbeidet var svært bra utført, hadde eg sjølvsgd ingen merknad til det og skreiv dermed under erklæringa. Alle dei andre aktuelle grunneigarar hadde skreive under den same erklæringa. Deretter tok rep. frå Salar Smolt As erklæringa med seg. Noko eksemplar av erklæringa vart ikkje journalført i kommunen sitt arkiv då ein rekna dokumentet som Salar Smolt As sitt og ikkje Meland Kommune sitt.

Sidan Meland Kommune ikkje eig noko i sjølve elva/vatnet gjaldt dokumentet sjølvsgd ikkje noko tiltak i sjølve elva/vatnet.

Slike grunnerklæringar er det vanleg at dei som har kjennskap til saka og som har kontrollert utføringa skriv under på kommunen sine vegne. Det same har ein og ved alle grunnerklæringar ved vassverksutbygging m.m. Eg kan ikkje sjå at det skulle gjelde noko særskild ordning i dette tilfellet.

Erklæringa hadde sjølvsgd ingenting med dei fråsegn kommunen hadde gitt i samband med konsesjonssaka då ho ikkje ligg til administrasjonen å gi fråsegn om.

Vedlagd føl kart som syner kommunen sine eigedomar i det aktuelle området.

Frekhaug 02.11.09

Jens Bjordal.

